



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2021/17923-STT

Dato

11.12.2022

Tidspunkt: Torsdag 09.12 kl. 09.15 – 11.00

Til stede: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Gunnar Karlsen, Julie Zahle, Vibeke Tellmann,
Hans Marius Hansteen, Leon Commandeur, Kirsten Bang, Haakon Ben
Schrøder, Rebecca Sjøvangen, Axel Leegaard.

Referat - instituttrådsmøte 09.12.21

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

II Orienteringssaker

- Referat frå siste møter i fakultetsstyret (26.oktober): Hansteen orienterte frå dei siste fakultetssyremøtene (26.10 og 07.12). Nokre hovudsaker:
 - Budsjett 2022: Det blir vesentleg strammare budsjettrammer i 2022 enn dei siste år, i hovudsak p.g.a justert tildelingsmodell for pensjonsutgifter.
 - Bemanningsplan: Det blir totalgjennomgang i 2022, inkludert ein prosess der ein ser på prinsippa for planen.
 - Exphil-budsjettet: Det akkumulerte underskottet etter 2022 blir endå større enn venta (ca. 8 mill.) og skaper stor bekymring i fakultetsleiinga.
- Orientering om tilsetjingar og avgangar i nær framtid; Instituttleiar orienterte om tilsetjingsprosessar og avgangar i nær framtid: Luna de Souter startar som stipendiat på Baumgartners NFR-prosjekt i disse dagar. I tillegg har vi to stipendiatstillingar under tilsetjing. For dei to førsteamanuensisstillingane (praktisk filosofi og teoretisk filosofi) er det no bedømmelseskomitear på plass for begge.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

Helge Pettersen og Paola de Cuzzani vil pensjonere seg i løpet av 2022.

- Heimekontorordning: Det blei gjort grei for nyleg vedtatte retningslinjer for generell heimekontorordning ved UiB (i praksis gjeldande administrativt personell). Hovudregelen er at det kan inngåast individuelle avtalar med einskildtilsette når det føreligg gode grunnar for dette.
- Wittgenstein-stiftinga i Skjolden: Statusrapport. Det blei orientert om Wittgenstein-stiftinga sitt arbeid dei siste åra (UiB/FoF er ein av fire stiftarar), der hovudsaka naturlegvis er at Wittgenstein sitt hus i Skjolden no er restaurert/rekonstruert.
- Examen Facultatum si framtid (i lys av forskriftsendring 104/21): Examen facultatum er no, formelt sett, avvikla, og dei aktuelle emna blir «oppgradert» til vanlege 100-nivå-emner. Spørsmålet no er om ExFac framleis skal vere obligatorisk ved HF eller om dei noverande ExFac-emna skal leggjast ned. Ulike hybridvariantar kan også tenkjast.
- Emneansvarlege ved fagstudiane: Ajourført liste over emneansvarlege ved fagstudiane blei presentert.

III Vedtakssaker

2021-21 Strategiplan – prosessplan og innleiande drøftingar

Vedtak:

Med grunnlag i drøftingane utformar instituttleiinga plan og vidare prosess for strategiarbeidet. Denne blir lagt fram og vedtatt i eit av dei første instituttrådsmøta i 2022.

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef